



Masfjorden kommune



# Plan for friluftslivet sine ferdselsårer 2022-2030

ArkivsakID 22/127

Godkjend i Masfjorden kommunestyre 15.12.22, sak 072/22



## Innhald

1. Bakgrunn.....	4
2. Føremålet med planen .....	4
3. Føringar .....	6
4. Planarbeidet .....	6
Avgrensingar i planen.....	7
5. Ulike interesseområde i utmark.....	7
5.1 Landbruk.....	7
5.2 Friluftsliv og folkehelse.....	7
5.3 Tilrettelagde område for friluftsliv og friluftaktivitetar .....	8
5.4 Eksisterande turveggar og stiar.....	8
5.5 Kulturminne.....	8
5.6 Reiseliv.....	8
5.7 Mogelege konfliktområde .....	8
6. Status på eksisterande sti- og løypenett .....	9
6.1.A Oversyn over turruter i planen .....	10
6.1.B Nye turruter ein ønskjer å ta inn i planen, etter innspel i høyringsprosess.....	19
6.2 Kartoversyn turar i planen.....	21
7. Tiltaksplan.....	22
7.1 Korleis skal planen følgjast opp? .....	22
7.2 Generelle tiltak .....	22

## 1. Bakgrunn

Masfjorden kommune har store fjell- og utmarksområde, frå høgfjellet mot Stølsheimen til ytst mot Fensfjorden og Austfjorden. Ein del av fjellområda er framleis utan større tekniske inngrep. Andre område har kraftutbygging, stølar, vegar og andre fysiske inngrep i naturen. Mange av ferdselsrutene som i dag er nytta til friluftsliv, er historiske ruter etablert i ei tid der vegane var stiar i naturen og dyra på gardane vart buført til fjells på sommarbeite.

Idrettslaga, grunneigarar, friluftinteresserte og andre, har i samarbeid med kommunen gjort mykje for å leggja til rette for friluftsliv opp igjennom åra. Turstiar og -vegar er ein stor og viktig del av fritidstilbodet i Masfjorden. Ein del skilting, merking og digitale registreringar har gjort tilbodet tilgjengeleg for både fastbuande og tilreisande som kjem til bygda kvart år, og turløypene har blitt eit viktig tilbod for dei som arbeider med reiseliv.

Men framleis er mykje ugjort, og ein plan for turruter vil vera eit naudsynt verktøy for prioritering og utvikling av gode og varierte turruter for både innbyggjarar og turistar. Mange stiar manglar god nok skilting og merking, og treng meir tilrettelegging både i form av klopper, gjerdeklyv og parkeringsmoglegheiter. Det manglar i stor grad avtalar med grunneigarar og vedlikehaldsplanar for stiane. Kommunen får også ein del tilbakemeldingar om at turmoglegheitene i kommunen ikkje er godt nok marknadsført.

I regjeringa sin *Handlingsplan for friluftsliv* frå 2018 initierer regjeringa eit fleirårig prosjekt – *Friluftslivets ferdselsårer* - som har som mål å fremja planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar. Det vart utarbeida ein rettleiar for planarbeidet, *M1292-2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer*. «Friluftslivets ferdselsårer» vert i rettleiaren definert som traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leier for ferdsel på vatn og over brear.

Alle kommunar har blitt oppmoda om å laga ein slik plan. Masfjorden kommune vedtok i formannskap sak 029/2022 å utarbeida temaplan for friluftslivet sine ferdselsårer.

## 2. Føremålet med planen

Føremålet med plan for turruter i Masfjorden er:

- **Fleire tilgjengelege turruter med ulik tilretteleggingsgrad heile året.**
- **Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse hjå innbyggjarane i kommunen.**
- **Auka attraktivitet som bukommune.**
- **Auka attraktivitet som reisemål.**

### Kva er friluftsliv?

Stortingsmelding 18 (2015–2016) definerer friluftsliv slik: «Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse.» Denne definisjonen opnar for å vektlegga elementet av naturoppleving som er så viktig for friluftslivet sin eigenart, og for friluftslivet sin nytteverdi knytt til psykisk helse. Verdien av å driva friluftsliv er tett knytt saman med kvalitetane til den spesifikke naturen ein oppheld seg i, kvar ein som individ har retta merksemda, og ikkje minst korleis stien er forma og buktar seg i terrenget. Naturopplevingane er ulike om ein går i omgjevnader prega av stillheit, naturlege lydar eller samfunnsskapa støy, eller om omgjevnadene er prega av

inngrep eller er det som kjennest som urørt natur. Det er også ei anna naturoppleving å gå på den breie grusveg, enn den smale stien forma av generasjonar sin bruk og ferdsle i natur.

### **Tilrettelegging av nærturar**

Erfaring og forskning viser at folk er vesentleg meir aktive med friluftsliv dersom dei har tilgang til turstiar i nærområdet der dei bur. At folk går på tur i nærområdet framfor å køyra bil til turmål lengre unna er også bra for miljøet. Attraktive ferdselsårer og turmål gjer bustadområde meir attraktive og kan auka bulyst. Fleire universelt tilrettelagde ferdselsårer og friluftsområde bidreg til at alle kan koma seg ut på tur nærare der dei bur. Dette vert etterspurd og framheva i høyringsuttale både frå pensjonistlag og « Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.» Noko så enkelt som kvilebenkar kan utgjere skilnaden på om folk som td er dårleg til beins kjem seg ut på tur eller ikkje.

### **Tilrettelegging av lengre turar**

Masfjorden kommune har eit flott og variert turterreng med alt frå kystnære stiar med fjorden som næraste nabo, til nærast urørte fjellområde med toppar opp mot 1000 meter. Ein del av desse er turar med kvalitetar som gjer at dei har regional verdi og interesse. Regional verdi vert her definert som at eit klårt fleirtal av brukarane ikkje bur i lokalområdet, men har køyreavstand til startpunktet for turen. I tillegg er det eit kriterium at turstiane har hatt svært høg bruksfrekvens over fleire år, altså ikkje berre som eit resultat av plassering av turpostar i samband med Fjelltrim eller liknande. Dei turane som er vurderte til å ha regional interesse har per i dag ikkje så høg bruksfrekvens, men er turar med svært store natur- og/eller kulturkvalitetar. Betre tilrettelegging av desse turområda kan gjera dei til meir attraktive besøksmål for turistar, men òg for våre eigne innbyggjarar.

Bergen og Hordaland turlag driv tre hytter som er lett tilgjengelege frå Masfjorden. Vardalsbu, Skavlabu og Kalvedalshytta ligg i dei unike og verdifulle, kystnære fjella, og har årleg over 1000 besøkande. Hyttene og rutene inn til desse hyttene er i høgste grad turar av regional verdi. Rutene har T-merka stiar som følgjer den nasjonale DNT-standarden(merkehandboka.no) med T-merking, varding og skilting. T-merka ruter og turlaget sine hytter inngår i det nasjonale rute- og hyttenettverket, og har ein heilt spesiell verdi for turgåarar og turistar.

### **Marknadsføring**

God marknadsføring er ein nøkkel til å få folk ut på tur og til å gjera ferdselsårer kjend. Det er viktig at marknadsføringa er tilpassa tolegrensa for dei einskilde ferdselsårene og områda. Vakker natur og friluftslivområde er attraktivt for svært mange. Lett tilgjengeleg informasjon om turmoglegheiter og marknadsføring av friluftslivet kan også gjera kommunen meir synleg og bidra til ny busetting og rekruttering av tiltrengt arbeidskraft. Den enklaste og mest effektive marknadsføringa er ofte tydeleg skilting frå sentrum/bygda/hovudveg.

### **Nettverk og samarbeid**

Betre nettverk og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med friluftslivet sine ferdselsårer i kommunen er avgjerande for å fremja friluftslivet i Masfjorden kommune. Idrettslaga har lange tradisjonar med å leggja til rette for fjelltrimpostar, og tiltaket har stor oppslutning. Turlaget har etablerte ruter fram til sine hytter. Bygdelag, ymse lag og foreningar i samarbeid med grunneigarar tilrettelegg, og kommunen yter tilskot til tilrettelegging av turstiar utført av frivillige organisasjonar og privatpersonar, og organiserte turar og friluftaktivitetar.

## 3. Føringer

### Nasjonale føringer

er omtala under pkt 1.

### Lokale føringer- kommunen si rolle

Hovudmål for folkehelsesatsinga i kommuneplanen sin samfunnsdel er enkel og grei:

*«Gode og aktive dagar- for alle i Masfjorden.»*

Masfjorden kommune skal motivera til og leggja til rette for allsidig fysisk aktivitet. Dei skal arbeida målretta for god og likeverdig helse i befolkninga. Prinsippet om tilgjenge for alle i planlegging og tenesteyting, er viktig.

Masfjorden kommune har forankra arbeidet med folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel og i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Eit av tiltaka er å stimulera til uformelle møteplassar der folk kan vera fysisk aktive. Turruter som er tilgjengelege for mange, er eit viktig folkehelseiltak.

Kommunen er eitt av dei organa som i friluftslova har fått tildelt oppgåver, ansvar og mynde, mellom anna til å regulera ferdsel eller forby ferdsel i visse område, gje uttale i tvilsspørsmål om allemannsretten og krevja fjerning av stengsel. Friluftslova pålegg også kommunane eit generelt ansvar for å fremja ålmenta sine friluftslivsinteresser, og for å fremja friluftsføremål innan sitt område.

Kommunen har dialog og samarbeid med grunneigarar, tilretteleggjarar og turgåarar for å finna gode løysingar og unngå potensielle konflikhtar. Ofte kan t.d. omlegging av stiar, tilrettelegging av stiar med gjerdeklyver, eller grinder eller skilting om dyr på beite bidra til gode løysingar for alle partar. Friluftslova § 35 gjev kommunen heimel til å merka, varda, kloppa og iverksetta andre mindre tiltak for å letta ferdselen i utmark. Kommunen kan også gje organisasjonar som har som føremål å fremja reise- og/eller friluftsliv rett til å varda og merka bestemte ruter og turstiar i utmark. Sjølv om dette kan utførast utan løyve frå grunneigar, skal grunneigar og/eller brukar alltid varslast før tiltaket vert sett i verk. Før kommunen gjer vedtak etter § 35 skal det gjennomførast forhandlingar mellom grunneigar og tiltakshavar.

Oppgåva med å drifta stiar og løypenett er normalt ikkje ei oppgåve som kommunen gjer, men kommunen vil i mange tilfelle bidra med tilskot, rettleiing og koordinering mellom ulike aktørar. I heilt spesielle tilfelle kan kommunen gå inn å ta ansvar for opparbeiding, tilrettelegging og drift. Dette gjeld i Masfjorden kommune stort sett berre for turveggar med høg grad av tilrettelegging.

## 4. Planarbeidet

Plan for turruter er utarbeida som ein temaplan. Med bakgrunn i FS 029/2022 vart det februar 2022 oppretta ei intern kommunal tverrfagleg prosjektgruppe med slik samansetjing:

Sveinung Toft, ass. rådmann

Roald Kvingedal, TML- teknisk sjef

Ottar Myrtveit, TML-landbruk

Kjersti Furnes Soltveit, TML- oppmåling

Frank Kvinge, fagleiar kultur

Det vart inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) om bistand med metodikk og oppdatering og kvalitetssikring av nasjonal database for tur- og friluftsruter, og Håkon Tufteland har gjennomført dette arbeidet på vegne av BOF. Prosjektgruppa har samarbeidd med idrettslaga i kommunen. Leiingar i dei tre idrettslaga sine fjelltrimgrupper har gjeve innspel til planarbeidet undervegs, då særleg knytt til utveljing av turruter og status på løypenett.

Masfjorden idrettsråd har kome med innspel til planen, og desse innspela er tekne med i høyringsdokumentet.

I 2008 vart det i regi av Masfjorden idrettsråd utarbeida turkart for Masfjorden, med 30 turforslag fordelt på dei tre bygdelaga i kommunen. Dette er turar med varierende lengde, vanskegrad og tilrettelegging, og turar ein ynskta å ha med i denne planen.

I samband med planarbeidet vart fjelltrimgruppene i idrettslaga i 2022 utfordra til å supplera med ytterlegare 10 turar i sin krins, etter same kriterium, slik at ein no har om lag 60 turar i planen som er blitt kartlagde og digitaliserte.

## Avgrensingar i planen

Planen er tematisk avgrensa til å gjelda fotturar og nokre skiturar.

Det er både ynskjeleg og naudsynt med meir kunnskap også om ferdselsårer på vatn og på sjø, og sykkelruter. Desse ferdselsårene er likevel ikkje teke med i denne planen då dette hadde vorte for omfattande i denne omgang. Det vil hausten 2022 vera mogleg å søkja Vestland fylkeskommune om tilskot til kartlegging av ro- og padleruter.

Geografisk gjeld planen for Masfjorden kommune, med unntak av nokre turruter som gjer eit sveip innom Gulen, Alver, Høyanger og Modalen.

## 5. Ulike interesseområde i utmark

### 5.1 Landbruk

Masfjorden kommune har ein del aktivt jord- og skogbruk. Utmarksarealet blir i stor grad nytta som beiteområde for småfe og storfe, men tal beitedyr har gått gradvis ned. Det vert drive skogbruk i utmark. Dei mange skogsvegane vert nytta aktivt til friluftsliv. Det er og utbreidd hjortejakt om hausten. Sjølv om friluftsløva slår fast at det er fri ferdsle i utmark, er det viktig at all tilrettelegging i dei ulike områda skjer i samarbeid og forståing med dei aktuelle grunneigarane.

### 5.2 Friluftsliv og folkehelse

Friluftsliv er viktig for folkehelsa. Tilrettelegging for det enkle friluftslivet er såleis ei god investering i det førebyggjande helsearbeidet. Særskilt viktig er tilrettelegging for lågterskeltilbod i nærmiljøa som eignar seg for mange, anten dei er unge eller eldre.

Den nye turvegen ved idrettsbana på Hosteland, turvegen bak Haugsvær senter og dagsturhytta «Fjordblikk» i Grøttneset er gode døme på tiltak som er eigna for aktivitetar for alle grupper. I slike område er det viktig å sikra god tilrettelegging. Elles er fjelltrimmen godt etablert i heile kommunen og svært mange nyttar seg av dette tilbodet.

### 5.3 Tilrettelagde område for friluftsliv og friluftaktivitetar

Masfjorden har fleire tilrettelagde område for ulike friluftaktivitetar, med idrettsanlegg knytt opp til dei tre skulekrinsane. I tillegg til idrettsanlegg for fotball, friidrett og tennis med tilhøyrande garderobeanlegg, finn ein i kommunen to sandvolleyballbaner, fire ballbingar, badeplassar/friluftsområde, grindbygg med benkar og bord der ein kan eta under tak, og felles grillplass. Ved skulane er det klatreanlegg. I Stordalen er anlegg for vinteraktivitetar og på Haukeland er det lysløype med oppkøyrt skiløyper i sesong.

### 5.4 Eksisterande turveggar og stiar

I samband med utarbeiding av turkart for Masfjorden vart det til ein viss grad gjennomført skilting og merking av 30 utvalgte turruter. Saman med skogsvegnett og mange gamle ferdselsruter knytt til mellom anna støling, drifteveggar for dyr på sommarbeite, og ferdsel til fots over fjella som transportveg, har det ført til svært mange ulike turruter. Bruken av dei ulike rutene varierar frå svært mykje brukt til tilgrodd og ikkje synleg sti. Fjelltrimmen har bidrege til at fleire av dei lite brukte stiane har fått sin renessanse.

Det manglar avtalar om vedlikehald av stiar, og det er manglande kontinuitet i arbeidet med skilting og merking.

I planarbeidet er det eit mål å sikra at dei rutene som er med i planen blir haldne på ein god måte, men med ulik grad av tilrettelegging.

### 5.5 Kulturminne

I utmarka er det mange spor etter tidlegare ferdsle og aktivitet. Masfjorden kommune har god oversikt over dei viktigaste kulturminna i kommunen, og har utarbeidd ein eigen Kulturminneplan 2019-2027. Informasjon om kulturminne ved eller i nærleiken av turstiar vil kunne gje turopplevinga ein ekstra dimensjon, men må utformast og balanserast med omsyn til naturmiljø.

### 5.6 Reiseliv

Masfjorden er ingen stor reiselivskommune, men me ser at tilrettelagde naturopplevingar er ein viktig del av opplevingstilbodet for dei som besøker kommunen vår.

Fotturar er mykje brukt, og er eit attraktivt tilbod, særleg i sommarhalvåret. Her er tilgjenge og merking frå hovudveg og parkeringsplass viktig. Utvalde turløyper med informasjon på fleire språk vil og vera viktig for å styra trafikken og gjera ferdsel på eiga hand så trygg som mogeleg.

### 5.7 Mogelege konfliktområde

Husdyr på beite kan bli uroa av ferdsle då beite og utøving av friluftsliv ofte skjer i dei same områda og følgjer dei same stiane. Ein må difor vise omsyn gjennom å ferdast aktsamt i område med beitedyr.

Særleg viktig er det at bandtvangen for hund vert respektert.

Stor bruk av turløyper i utmark kan medføre skader på vegetasjon som er sårbar.

Merka turløyper kan vere eit godt tiltak for å styra trafikken vekk frå tunet til folk, sårbare område og område med stor fare for konflikt.

Tilfeldig parkering ved turutgangspunkt, langs veg og i beiteområde kan skapa konflikt med grunneigar, og elles gje skade på bilar og vera til hinder for landbruksdrifta.

Masfjorden har eit aktivt jaktmiljø med hjortejakt i perioden 15. august til og med 23. desember. I haustmånadane kan det oppstå konflikt mellom jakt og anna friluftsliv. Skilting av jakt bør vera eit tiltak i område med merka turløyper.

## 6. Status på eksisterande sti- og løypenett

Dette kapitelet gjer ei oversikt over alle turstiar, -løyper og vegar som er kartlagde i samband med planarbeidet. Det er skildra status og behov for tiltak på eksisterande turstiar, -løyper og -vegar. Når det gjeld tiltak handlar det meste om

- tydeleg skilting der stien startar
- vedlikehald, rydding og merking av trasé
- parkering
- god dialog med grunneigarar

Skal ein lukkast med eit godt nett av turløyper over tid, er det viktig at skilta og merka turruter blir halde vedlike. Det krev årleg tilsyn, og eit godt samarbeid mellom frivillige, grunneigarar og kommunen. Det bør kvart år setjast av kommunale midlar til opparbeiding, drift og vedlikehold av løypenettet, i tråd med tiltaksplanen. På same tid må kommunen søkja eksterne midlar. Fylkeskommunen set av midlar til slike tiltak som ein kan søkja på.

Idrettslag, turlag, bygdelag, helselag, grunneigarlag, eldsjeler og mange andre gjer ein verdfull innsats ved både opparbeiding og vedlikehald av løypenettet i kommunen. Det er viktig å ta vare på samarbeidet og utvikla dette vidare i planperioden.

Tiltaksplanen skal visa kva turruter som bør prioriterast for opparbeiding og vedlikehald, og at ein kvart år set fokus på nokre av dei 60 turrutene. Planen tek og inn nye aktuelle ruter. Det er eit mål at minst tre av rutene til ei kvar tid er tilgjengelege for rørslehemma og andre som ikkje kan ferdast på stiar i meir krevjande terreng.

Digitale versjonar av alle turrutene vil vera lett tilgjengelege på kommunen sine nettsider, ([www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)) og gjennom ei innsynsløysing i Nordhordlandskart. Turskiltringar vil og bli lagt ut på [www.ut.no](http://www.ut.no). I dag finn ein 17 av turane der.

I tillegg legg ein opp til at kommunen har ei forvaltningsløysing i Nordhordlandskart der ein registrerer ferdselsårene og legg inn meir info enn det som er tilgjengeleg for ålmenta.

## 6.1.A Oversyn over turruter i planen

Indre Masfjorden						
	Rutenamn	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigar-avtalar	Vedlikehald
1	Haukeland - Kjetland	Parker rett over brua på Haukeland. Følg traktorveg, deretter sti/oppmura ferdselsveg til Kjetland.		Skilting ved turstart og -slutt på Haukeland og Kjetland. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdela
2	Heinakken	Sti i skogsterreng frå vegen. Litt bratt i starten, seinare flatare. Flott utsikt frå toppen. Returen vestover og ned til Solheim og vegen ovanfor kyrkja.		Skilting ved turstart og -slutt nedanfor Krossleitet og Solheim. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdela
3	Stegane <b>Ut.no:</b> <a href="#">Stegane</a>	Start v/ Hummelfossen kraftverk og følg trapper/sti til demning ved Hommelvatnet.		Skilting ved turstart. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start og slutt av turrute.	?	Eveny/idrettslag/bygdela
4	Stordalsvarden <b>Ut.no:</b> <a href="#">Stordalsvarden</a>	Følg sti på lyngrabbane langs ryggen aust for Langevatnet. Drei vestover og mot toppen. Retur same veg eller hald fram ned ryggen nordover.		Skilting ved turstart. Merking. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdela
5	Nonklett fjellet <b>Ut.no:</b> <a href="#">Nonkletten</a>	Start bak butikken på Haugsvær. Nydeleg utsikt på toppen. Alternativ tur frå Trodalsleitet.		Skilting ved turstart (Haugsvær og Trodalsleitet). Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdela
6	Bjørn West Marsjen <b>Ut.no:</b> <a href="#">Bjørn West-marsjen</a>  <a href="#">Bjørn West-marsjen- kort løype</a>	Historisk tur i motstandsgruppa Bjørn West sine fotspor. 15 km tur frå Littlematrestølen til Stordalen fjellstove.  6 km tur frå Nystølen til Stordalen fjellstove	Turen er godt skilta og merka. Infotavler.  Turen er godt merka	Regelmessig vedlikehald/tilsyn	Har avtale	<b>BW</b> /Idrettslag/bygdela

7	Matre - Haugsvær	Start på skogsveg innanfor Matresvatnet. Vidare på stølsveg til Matrestølen. Før nedstigning kan ein ta avstikkar til toppen av Hestefjellet, med nydeleg utsikt.		Skilting ved turstart i Matresdalen. Merking. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
8	Kringla - Stordalen	Turlagsrute frå E39 til Stordalen og innfallsporten til Stølsheimen. Etter stigninga til Grønfjellet i fint fjellterreng forbi Vågsetstølen og på god sti ned Hellebotn til hyttefelt i Stordalen.	Traséen treng betre skilting og merking, særleg i start av tur.	Regelmessig tilsyn/vedlikehald	?	Turlag
9	Stordalen – Vardalsbu  Ut.no: <a href="#">Stordalen fjellstove-Vardadalsbu</a>	Inngangsporten til Stølsheimen frå Stordalen. Frå Bukkedalsvatnet til vakre Fjellvassbu, open hytte med fire sengeplassar. Høgste punkt 967 moh før du går ned til turlagshytta Vardadalsbu.	Traséen er godt skilta og merka.	Regelmessig tilsyn/vedlikehald	?	Turlag
10	Skavlabu	Start ved parkering Botnavatnet. Ta til høgre før brua i Dyrkollbotn. Følg sti mot høg fjellsterreng 1039 moh og ned til Skavlabu. Vidare lett tur til veg Svartevatn.	Traséen er godt skilta og merka.	Regelmessig tilsyn/vedlikehald	?	Turlag
2.1	Gleinefjellet	Skitur/fottur. Blå. Kjør til brua ved Gagnløysevatnet. Ta opp til venstre over brua, til endes av grusvegen. Gå opp til venstre. Følg elva innover til du treff jernstengene, som viser vegen til toppen. 792 m.o.h. Tid ca. 1 time		Skilting ved turstart. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
2.2	Krokevatnet-Ulvedalen. Ut.no: <a href="#">Krokevatnet-Ulvedalen</a>	Rundtur ski. Blå. Skiturstart ved parkering inne i Stordalen og tilbake ned Hellebotn.		Traséen vert køyrd opp/merka vinterstid	Manglar avtale	Stordalen Vel/Idrettslag/bygdelag
2.3	Matrenipa	Blå. Parker på grusplassen ovanfor Trodalstunnelen. Følg stien langs bekkedar. Når du kjem over tregrensa ser du ein varde. Hald til høgre for den, vidare mot Matresnipa. Følg vidare merking som går til BW sin Fjelltrimpost som ligg rett før varden der du har utsikt ned til Matre. 587 m.o.h. Tid ca. 1,5 time.		Skilting ved turstart. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
2.4	Kjerringefjellet	Grøn. Parker ved utløpet til Midtkviltjødna. Følg ny veg mot aust. Tid ca 40 min, 387 moh. Kan også gåast frå Solheim og Furebotn.		Skilting ved turstart ved Midtkviltjødna, Solheim eller Furebotn. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
2.5	Litlefjellet	Grøn. Start på Stien ved bommen til Øvredalen. Følg vegen innover til dalen vider seg ut. Sjå etter skilt på venstre side. Følg stien til du er framme. Tid ca. 40 min. 357 m.o.h.		Skilting ved turstart/bommen Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag

<b>2.6</b>	Fossen-Ådneburen	Rundtur sommar. Blå. Det er høgaste punktet mellom Hopstølen og Nordgilsbotnen, og ein kan gå frå bl.a. Fossen, Hopstølen, Haugsvær og Kvernhudalen(Stormatrestølen). Anbefaler å ta med kart!! Tid ca. 4 t.724 moh		Skilting ved turstart Fossen og Haugsvær. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.7</b>	Geitenakkjen.	Køyr forbi Stordalen retning Bjordal til du kjem til Nystølen (høgste punktet mellom Krokevatn og Fridalsvatn). Følg merka sti frå hytta, langs Fridalsvatn til Spongavatn, der du tek stien til venstre og følgjer den til toppen. 987 m.o.h. Tid ca. 1,5 t.		Skilting ved turstart. Merking. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.8</b>	Stallane	Grøn. Køyr mot Duesund til du kjem til Eikemo. Parkør ved andre nedkjørsel til Eikemo. Sjå etter skilt der stien startar. Følg raude merker. Postreg er ved uthus. Tid ca. 30 min. 330 m.o.h.		Skilting ved turstart. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.9</b>	Nipetinden	Blå. Ski. Start ved Libråtet- Klavefjellet. 2 timar t/r		?	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.10</b>	Røyrdalsfjellet Ut.no: <a href="#">Røyrdalsfjellet</a>	Blå. Ski. Start ved Libråtet-Røyrdalsfjellet eller Stordalen-Rusta-Røyrdalsfjellet.		?	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.11</b>	Holten på Kjølneset	Parker på gamlekaia i Haugsdalen. Gå vidare på kjørevegen mot Kjølneset og følg sti langs ryggen av Kjølneset til lita hytta.		Skilting ved turstart. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.12</b>	Kjetland- Stusdal	Turveg gjennom Kjetlandsdalen til Svartevassetret, Fagerskarsvatnet og ned til Stusdal.		Skilting ved turstart. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigarar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>2.13</b>	Haugsvær	Turområde med vekselvis asfaltert turveg, skogsveg og sti. Asfaltert veg er flat.	Traseane er godt skilta og merka. Universell tilkomst på nokre av traséane		?	Idrettslag/bygdelag



Nordbygda						
	Rutenamn	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigar-avtalar	Vedlikehald
11	Torsvikåsen Ut.no: <a href="#">Torsvikåsen</a>	Start ved nordsida av løa til nederste garden i Torsvik. Fin sti i skogsterreng. Utsikt i all retningar på toppen. Alt. retur til Hamnen ved Rambjørgsvika.		Skilt v/ hovudveg. Merking og rydding av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
12	Markhusdalen	Start ved parkering skulemuseet og følg skogsveg inn dalen. Lett trasé også for barnevogn og sykkel. Om vinteren er dette ein fin skitur.	Skilta frå skulemuseum	Ingen Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Grunneigarar/idrettslag/bygdelag
13	Reknesskjerane Ut.no: <a href="#">Reknesskjerane</a>	Start ved raud løe tett ved hovudvegen. Følg stien gjennom skogen til sjøen.		Skilt v/ hovudveg. Rydding og merking av trasé. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
14	Haugsdal - Rambjørg	Start ved snuplass i Ytre Haugsdal. Lett tur på sti og traktorveg i skog og kulturlandskap.		Skilt Ytre Haugsdal og Rambjørg. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
15	Hatten	Ca 300 m vest for Nordbygda skule går det merka sti mot Hatten.	Skilt v/ start	Nytt skilt v Fv. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
16	Frøyset - Hosteland	Gå opp til Frøyset gard og gjennom steingarden. Følg sti langs Austevågen. Kryss eidet, hald mot aust og kryss dalsøkket ved ny bru og vidare på austsida av Fitjevatnet.		Skilt v/ kryss kyrkje- Frøyseth gardsmat, og Hosteland/Ålevol lane.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag

				Merking og stirydding. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.		
17	Austefjellet	Start ved øvste garden på Molland. Gå rett opp skogslia. Flott utsikt på toppen. Alternativ retur til Stemmetjønn. Derfrå på sti ned til Masfjordvegen.		Skilt Molland. Rydding og merking. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
18	Storenova Ut.no: <a href="#">Storenova</a>	Start ved parkering i Tangedalen. Følg merka sti til Storenova med nydeleg utsikt. Vidare mot nordaust, ta ned i dalen før Andershaugane og følg traktorveg til Sleire.		Skilt Tangedalen. Rydding og merking. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
19	Øksefjellet	Frå Byrkjeland følgjer du dalen nordover til Trandalsvatnet der du tek rett aust og opp skaret. Følg ryggen vidare ned til Halsane før du snur mot sør og følgjer Myrdalen mot Sleire.		Skilt Byrkjeland og Sleire/Myrdalen. Merking. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
20	Kvamsdalen - Kalhovda	Første del på sti til Kvamsdalsstølen og deretter mot høgste punkt Stendarskaret ( 679 moh) og Yndesdalsnakken. Mot Kalhovda og skogsterreng mot slutten.		Skilt Kvamsdalen og Kalhovda. Merking og rydding av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.1	Eikebotn	Nydeleg tur i lett terreng. Passer for alle. Kjekk tur for borna. Turen går til gamle grunner frå gard som var fråflytta ca. 1930 talet.		Skilt i Tangedalen. Rydding og merking. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.2	Lauveidrusta	Start ca 50m frå busskur i krysset ved Lauveid. Lett tur i fint terreng. Fin utsikt til Gunnarbuøyra og Sleire.		Skilt ved veg. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.3	Fløya Ut.no: <a href="#">Fløya</a>	Parker ved Frøyset kyrkje. Kort, men bratt tur. Her er det trapper og godt rydda stier. Spannande tur for borna. Nydeleg utsikt over Frøyset , Risnes og øyane utanfor.		Skilt v/ kryss kyrkje- Frøyseth gardsmat. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.4	Kultane Ut.no: <a href="#">Kultane</a>	Start i Ytre Haugsdal. Ein fylgjer traktorveg og tar til høgre vidare på sti der traktorvegen sluttar. Fin utsikt mot Haugsdalen og øyane utanfor.		Skilt ved veg. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag

				ved start av turrute.		
4.5	Melshovden	Parkering snuplassen på Rambjørge. Her kan ein gå rundt og ein kan gå opp på Melshovden.		Skilt ved snuplass. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.6	Duesundfjellet	Alternativ 1. Parkering v /Brannstasjonen- stien kan vere litt blaut og moldete. Alternativ 2. Parkering litt forbi Grunnevik. Starter med traktorveg og går over til sti. Nydeleg utsikt mot Masfjordnes og mot Lindås/Mongstad.		Skilt v/ brannstasjon og Grunnevik. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.7	Stallane - Eikemoseetra- Sollifjellet	Parker og start på Eikemo. Ein kan gå frå Sollifjellet og ned i Fossdalen. Må då ha bil for å komme tilbake til Eikemo.		Skilt v/ turstart. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.8	Hisbotnuken	Parkering på vegen inn mot Lindebotn eller litt før krysset til vegen i Lindebotn. Bratt fin tur, god sti. Når du kjem opp får ein eit rundskue med nydeleg utsikt og natur.		Skilt v/ turstart. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.9	Sleirsfjellet – Skrenuten  Ut.no: <a href="#">Sleirsfjellet</a>	Parkering ved skulemuseet på Sleire. Sleirsfjellet er godt kjent frå motbakkeløpet "Sleirsfjellet opp".	Er skilta og godt merka	Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.10	Furudalen - Frambrekkestølen - Austgulstølen - Steindalen	Dette er ein dagstur der dei tre fyrste måla ligg i Gulen kommune. Her er det greit å ha ein bil parkert ved Rophaugen ( der ein kjem ned frå Steinsdalen) og ein ved hytteparkeringa til Furedalen. Ein tur med mange kulturminne		Skilt v/ turstart i Furudalen. Rydding og merking av sti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
4.11	Turveg Nordbygda idrettsanlegg	500m rundtur i området ved idrettsbana. Universelt tilrettelagt.	Universelt tilrettelagt.	Skilting v/ Fv og skule	Har avtale	Nordbygda pensjonistlag



Sørsida						
	Rutenamn	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigar-avtalar	Vedlikehald
21	Sandneskletten	Start v/ parkering i Sandneslia. Kort tur med stigning til flott utsikt på toppen.		Skilting frå Fv og Sandneslia. Merking. Utbetring våte parti. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
22	Melshovden	Start v/ parkering Sør-Kvingevatnet. Lett tur, hovudsakeleg på berg, fram til toppen med god utsikt.		Skilting v/ turstart. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
23	Lykjelen	Frå øvste hus på Leite følgjer ein traktorvegen eit stykke til den går over i sti som svingar seg oppover. Ta av stien mot aust når du har høgda, og nyt utsikt.		Skilting v/ Fv. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
24	Håvarden	Start frå liten parkeringsplass v/fylkesveg og følg gardsveg inn Elvikedalen. Følg merka sti mot toppen. Returner, eller følg stien nordetter og drei vestover mot Sandneskletten.		Skilting v/ Fv. , Elvikedalen og ev Sandnes. Merking og rydding. Parkering. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag

25	Ådneburen  <b>Ut.no:</b> <a href="#">Ådneburen</a>	Følg traktor-/bilvegen og deretter god sti opp Meisdalen. Sving vestover, så nordover mot toppen. Alternativ retur nordover mot Kiskaret, og bratt ned til Andvik.	Traséen opp er godt skilta og merka frå parkering i Meisdalen.	Alt. trasé treng merking og skilting frå Andvik og opp. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	?	Idrettslag/bygdslag /Turlag
26	Kvingedalssætra - Andvikdalen	Frå parkering v/ avkøyrse til den første garden følgjer du stien til Øvre Kvingedalssætra. Herfrå kan du følgja skaret bratt ned i sikksakk til bilveg innerst i Andvikedalen.		Skilting frå Kvingedal og Andvikedalen. Merking og rydding. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdslag
27	Hellebergsåta	Følg traktorveg til Stemmevatnet, deretter sti forbi Torsteinsvatnet. Ta sørover før Svartevatnet mot høgste punkt. Alt. retur til Mjangerssætra og ned til Mjanger.		Skilting frå Fv ved Sandneselva og Stemmevatnet, og Mjanger. Merking og rydding av trasé. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdslag
28	Torhaugen - Totlandsætra	Etter Meisdalen skråer du oppover mot Torhaugen. Deretter forbi Gavlen og nordover til nedstigning mot Totlandssetra og traktorveg til Andvik.	Traséen opp dalen er godt skilta og merka frå parkering i Meisdalen.	Skilting og merking Skaret-Torhaugen, og Storavatnet-Totlandssetra-Torhaugen . Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Avtale på delar av trasé grunneigarar -turlag	Idrettslag/bygdslag
29	Kvingo - Kalvedalen – Stusdal  <b>Ut.no:</b> <a href="#">Kvingo- Kalvedalen</a> <a href="#">Andvik- Kalvedalen</a>	Følg T-merka rute frå parkeringsplass mellom Nord- og Sør-Kvingo, gjennom Gjelet, forbi Nord-Kvingesettrane, over Storvassegga, til Kalvedalen og vidare til Stusdal. Alternativ start Andvik.	Turlaget driftar turvegen. Parkering Kvingo og Meisdalen.	Regelmessig tilsyn.	Avtale mellom turlag og grunneigarar	Turlag
30	Grønestølane  <b>Ut.no:</b> <a href="#">Grønestølane</a>	Frå busskur ved Sørkvingevatnet følgjer du sti til Kvammesetra. Deretter opp mot Båtevassfjell før du går slakt nedover mot Dravlekupa og Einestrand.	Traséen er bra merka.	Skilting frå busskur Sør-Kvingo og Einestrand. Oppgradera merking. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdslag
3.1	Dagsturhytta, Grøttneset  <b>Ut.no:</b> <a href="#">Dagsturhytta</a>	Følg merka sti frå parkering Bakken. Fleire stiar fører fram til hytta. Også universelt tilrettelagt turveg. Legg gjerne returen rundt Kvingeneset.	Universelt tilrettelagt. Er godt skilta og merka. God parkering.	Jamnleg vedlikehald. Utbetring av våte parti.	Avtale grunneigar-kommune	Avtale kommune-Kvinge grendalag
3.2	Geilebotnsvatnet	Parker nede ved vegen som går inn til Totlandsdalen. Gå innover, og då kjem du først til Paddemyrvatnet. Rett innom ligg Geilebotnsvatnet. Vil du gå lenger,		Skilting frå Fv. Merking. Munnleg avtale med grunneigar	Manglar avtale	Idrettslag/bygdslag

		er det ikkje så langt nordover til Svartevatnet.		ved start av turrute.		
3.3	Litlefjellet	Start ved bommen v/skytebana, gå oppover skogsvegen og sving til venstre/sørover. Der skogsvegen endar, er det ein merka sti som fører deg fram til toppen av Litlefjellet. Der har du god utsikt over Andvikgrenda.		Skilting v/ Storavatnet og skytebana. Merking. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
3.4	Bogsfossen	Parker nede ved Sandneselva, gå opp den «nye» vegen til Stemmevatnet. Sving av nordaustover i lett stigning mot Storhågjen (407 moh). Då er det kort veg til der Bogsfossen renn ned. Nok ein flott utkiksplass. Returen kan gå søraustover til Svartebotnsnipene og så tilbake via Torsteinshytta. Du kan også gå vidare til Lykjelen og ned til Andvik, eller gå vidare fram og ned til Bauge.		Skilting v/ Fv Sandneselva og Stemmevatnet. Merking og rydding Stemmevatnet-Bogsfossen. Munnleg avtale med grunneigar ved start og sluttar av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
3.5	Storfjellet	Start inst i Kvingedalen, gå opp til dei gamle grunnane øverst i Fjellbråtet. Der svingar du austover, og seinare sørover mot Storfjellet, med godt utsyn over eit vidt område. Vidare kan du gå vestover mot Blåfjellet, med utsikt over Blådalsvatnet. Retur om Kvingedalssetra og Fjellbråtet eller Blådalsvat- Kvingedal		Skilting Kvingedal. Merking Kvingedal-Storfjellet. Styrdding. Parkering. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
3.6	Skjeggedalsfjellet/Skeidalsfjellet	Køyr forbi Ådnekvamme og parker nede ved sjøen der vegen tek slutt. Når du kjem inn i Skeidalen, gå nedom huset og sving opp ved den gamle muren innom huset. Følg stien oppover mot Skeidalssetra, der ligg det eit vatn. Gå vidare litt mot nord, sving så austover opp mot Skeidalsfjellet. (525 moh) Panoramautsikt derifrå !		Skilting frå Skeidal v/ sjø. Merking Skeidal-Skeidalsfjellet. Rydding. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
3.7	Totlandsfjellet	Start ved bommen nede ved skytebana, gå opp til Totlandssetra og gå så vidare opp til Fagerbotnstjørnet. Følg stien nordover ryggen der, og då ser du Kaldgilsvarden når du er komen opp. Gå forbi den og vidare inn mot Geiskegilsvarden (696 moh). Derifrå går du søraustover mot kanten av Geiskegila, og dreier meir mot sør, før du bryt av mot aust inn til Vardefjell (813 moh). Returen kan gå over Totlandsfjellet, via høgde 755 og ned att til Fagerbotnen. Ein fin rundtur !		Skilting Storavatnet og skytebana. Merking og rydding skytebane-Totlandsfjellet. Munnleg avtale med grunneigar ved start av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag

<b>3.8</b>	Mjangersfjellet	Start frå Mjanger og gå opp til Mjangerssetra. Hald så nordaustover, då passerer du Stemmetjørnet på veg opp mot fjellet. Der dreiar du meir austover og får då Kviteberget på høgge hand. Vidare går du om Båthågjen og nordover til Kaldnesnuten, eit platå med godt utsyn. Returen går sørvestover mot det sønste Svartebotnstjørnet, ned til Svartevatnet og tilbake til Mjanger via Hellebergsåta – eller ned til Sandnes via Torsteinshytta.		Skilt v/ Fv Mjanger. Merking Mjanger-Mjangersfjell, og ev vidare til Svartevatnet - Torsteinshytta-Sandnes. Styrdding. Munnleg avtale med grunneigar ved start og slutt av turrute.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>3.9</b>	Sør-Kvingo/Einestrånd	Start frå Sør-Kvingo v/buss-skuret. Følg stien til Sør-Kvingesetra. Vidare går du stien oppover lia, og svingar litt tilbake til Storsåta. Derifrå går du oppover mot Tverrdalsvatnet. Sving der mot vest v/utløpet av vatnet, og set kursen mot Storevarden (636 moh), med god utsikt. Returen kan gå ned att til startpunktet via Storfjellet, eller ned om Nilsebu og så til Einestrånd.		Skilt v/ start. Sjå 30.	Manglar avtale	Idrettslag/bygdelag
<b>3.10</b>	Botnaneset/ Sandnes skule	Lett rundtur ca 1 km. Vekselsvis sti og skogsveg		Skilting. Ev merking og rydding av stiar.	?	Idrettslag/bygdelag/skule


### 6.1.B Nye turruter ein ønskjer å ta inn i planen, etter innspel i høyringsprosess.

	Rutenamn	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigar-avtalar	Vedlikehald
	Rundtur ved Kvingo	<a href="#">ut.no</a>	Traséen opp er godt skilta og T-merka frå parkering	Regelmessig tilsyn	Avtale mellom turlag og grunneigarar	Turlag/bygdelag
	Snaufjellet, Hosteland			Skilting og rydding. Opparbeiding av parkeringsplass	Grunneigar stiller grunn til parkering til disposisjon.	Idrettslag/bygdelag
	Svartavatnet- Skavlabu	<a href="#">ut.no</a>	Traséen opp er godt skilta og T-merka frå parkering	Regelmessig tilsyn	?	Turlag
	Vetlevatnet- Skavlabu	<a href="#">ut.no</a>	Traséen opp er godt skilta og T-merka frå parkering	Regelmessig tilsyn	?	Turlag
	Andvik- Kalvedalen turisthytte	<a href="#">ut.no</a> <a href="#">Andvik-Kalvedalen</a>	Traséen opp er godt skilta og T-merka frå parkering	Regelmessig tilsyn	Avtale mellom turlag og grunneigarar	Turlag
	Bjørn West-marsjen-kort løype	<a href="#">ut.no</a>	Traséen opp er godt skilta og merka frå parkering	Regelmessig tilsyn	Har avtale	<b>BW</b> /Idrettslag/bygdelag

Arbeidet med å leggja desse turane inn i planen under 6.1.A ( Oversyn over turar i planen) og 6.2 ( Kartoversyn) vert eit redaksjonelt arbeid som vert gjennomført asap.



## 6.2 Kartoversyn turar i planen



## 7. Tiltaksplan

### 7.1 Korleis skal planen følgjast opp?

Kultureininga i kommunen i samråd med Masfjorden idrettsråd har hovudansvaret for at tiltaka i planen vert gjennomførte. Når det gjeld fysiske tiltak på ulike ferdselsårer er det likevel berre der frivillige ynskjer å ta på seg arbeid med tilrettelegging av turstiar at tiltaka i kapittel 7 kan gjennomførast.

Kommunen skal bidra med rådgjeving, koordinering, grunneigardialog, skiltbestillingar og ved å løyva tilskot til tiltaka.

Kommunen vil saman med Idrettsrådet ta initiativ ovanfor lag og organisasjonar for å få sett i gang dei aktuelle tiltaka som er lista opp i kapittel 6, kolonne «behov for tiltak».

*Idrettsrådet har drøfta planoppfølging « og ser på kommunen si rolle som tilretteleggjar og ansvarleg for formalitetar, som t.d. grunneigaravtalar om parkering, ferdsel på innmark og andre særleg viktige hensyn langs ferdselsåra. Det same gjeld for utbetringar av større karakter og at dette vert samordna mellom kommune og grunneigar. Idrettsrådet ser det vidare naturleg at idrettslag, velforeiningar og grendelag står som pådrivarar for dugnadsarbeid som rydding og merking».*

Nokre av tilretteleggingstiltaka kan bli av ein slik storleik eller type at det er naturleg at kommunen tar på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidrar med finansiering utover mindre tilskot. Dette gjeld også der kommunen er eigar av turvegar eller andre friluftslivsanelegg.

Tiltaka vil kvar haust verta tekne med og prioriterte i samband med rullering av handlingsplanen for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv, med Masfjorden idrettsråd som høyringsinstans. Berre der det ligg føre avtalar med grunneigarar kan tiltak på ein eigedom, utover det som er lov etter allemannsretten, gjennomførast. Sjølv om eit behov for utbetring er nemnd i denne planen, vil det berre verta utført dersom grunneigar samtykkjer eller dersom kommunen gjer vedtak etter § 35 i friluftslova.

### 7.2 Generelle tiltak

#### A. Oppdatera kunnskapsgrunnlag om friluftslivet sine ferdselsårer i kommunen

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Kartleggja og registrera fleire turstiar og andre ferdselsårer i kommunen	Kontinuerleg	Kultur	Gjennomført i ordinær drift
Oppdatera kartgrunnlag til Statens kartverk	Kontinuerleg	Kultur/TML	Gjennomført i ordinær drift
Etablere forvaltningsløyving i Nordhordlandskartet	Kontinuerleg	TML	Gjennomført i ordinær drift
Etablere innsynsløyving i Nordhordlandskartet	Kontinuerleg	TML	Gjennomført i ordinær drift
Utvida planen til også å gjelda ferdselsårer på sjø, sykkel og ski	2024-2025	Kultur	Gjennomført i ordinær drift

## B. Betre tilrettelegging

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Ta initiativ til å få på plass avtaler med frivillige lag om vedlikehold av viktige ferdselsårer der dette manglar.	Kontinuerleg	Kultur	Gjennomført i ordinær drift
Ta initiativ til og gje tilskot til tilrettelegging av ferdselsårer i tråd med kapittel 6 , kolonne «behov for tiltak».	Kontinuerleg	Kultur. Vert gjennomført saman med Idrettsrådet og frivillige.	Finansiert ved avsette fondsmidlar og fylkeskommunale midlar etter søknad. Større tiltak må inn i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet» sin handlingsplan/ eksterne midlar.
Ta initiativ til og gje tilskot til skilting og merking av ferdselsårer etter nasjonal standard der dette manglar, i tråd med kapittel 6 , kolonne «behov for tiltak».	Kontinuerleg	Kultur. Vert gjennomført saman med Idrettsrådet og frivillige.	Kr 30 000 pr år. Finansiert ved avsette fondsmidlar og fylkeskommunale midlar etter søknad.
Drøfting av behov for fleire universelt utforma turveggar inkludert skilting skal gjennomførast.	Kontinuerleg	Kultur. Vert gjennomført saman med Idrettsrådet og frivillige.	Finansiert ved avsette fondsmidlar og fylkeskommunale midlar etter søknad. Større tiltak må inn i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet» sin handlingsplan/ eksterne midlar.

## C. Betre marknadsføring

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Leggja ut fleire turar som er eigna til det på ut.no	Kontinuerleg	Kultur i samarbeid med Bergen og Hordaland turlag.	Gjennomført i ordinær drift.
Marknadsføra turstiane på kommunen sine heimesider.	Kontinuerleg	Kultur	Gjennomført i ordinær drift.

## D. Etablere nettverk

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Faste møte mellom kommune og tilretteleggingsaktørar for ferdselsårene.	Årleg	Kultur/Idrettsråd	Gjennomført i ordinær drift.



